

STYREPROTOKOLL

Torsdag **1. september 2016** holdt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, Berit Bjelland-rommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 15.30 – 17.20
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Astri Furumo (styreleiar), Simon Næsse (nestleiar) og Siv Bente Stople Østbø (styremedlem)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø (ikkje i sak 21/16)
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent med utsending pr. e-post 26.08.16
SAKSLISTE:	Ingen merknader

Følgjande saker blei handsama:

SAK 16/16 – STYREINSTRUKSEN TIL HKS IKS I DENNE STYREPERIODEN 2016-2020

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret tiltrer vedlagt styreinstruks for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS av 03.12.13, sak 21/13 slik den ligg føre /med desse endringane / og / eller tillegg:

Styrehandsaming 01.09.16:

Dagleg leiar orienterte om bakgrunn for saka. Styret meinte det var bra å ha ein instruks og openheit. Dei slutta seg til innhaldet slik den låg føre.

Samrøystes vedtak 01.09.16:

Styret tiltrer vedlagt styreinstruks for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS av 03.12.13, sak 21/13 slik den ligg føre.

SAK 16/16 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 06.04.16 OG VEDTAK I SAK 15/16

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå styremøte 06.04.16 og vedtak 29.06.16 i sak 15/16 blir godkjent.

Styrehandsaming 01.09.16:

Styret hadde ingen merknader til protokollane. Dei var fortsatt samde i at vedtaket 29.06.16 var det rette for selskapet. Dagleg leiar hadde ikkje fått nokon tilbakemeldingar på vedtaket.

Samrøystes vedtak 01.09.16:

Protokoll frå styremøte 06.04.16 og styrevedtak 29.06.16, sak 15/16 blir godkjent.

SAK 18/16 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 01.09.16

14. Etiske retningslinjer for HKS IKS, vedtatt 18.09.14, sak 20/14
15. Brev til eigarkommunane 01.07.16 - Overordna strategiplan 2016-2020
16. Brev til eigarkommunane 30.06.16 – møtegodtgjersle – repr.skapsmedlem i IKS
17. Protokoll frå møte i representantskapet for HKS IKS 25.04.16
18. Brønnpøysundregistra 15.06.16 - rekneskap for 2015
19. Brønnpøysundregistra 11.07.16 – endringar i Føretaksregisteret
20. Sekretariats- og personaltur til Hægebostad 16.-17.08.16 (Agder-sekretariat vertskap)
21. NKRF sin samling for kontrollutvalgssekretærer 13.-14.09.16 i Tromsø
22. Sekretariatsamling Vestland og Trøndelag 18.-19.10.16 i Trondheim
23. NOU 2016:4 Ny kommunelov – høringsfrist 06.10.16 – kap. 23.5 ktr.utv.sekretariat

Styrehandsaming 01.09.16:

Dagleg leiar orienterte og styret kom med kommentarar. Når det gjaldt Excel-opplæring kom styret med framlegg til leverandørar lokalt. Elles ikkje nokon merknader.

Samrøystes vedtak 01.09.16:

Styret tar referatsakene 14 - 23 til orientering.

SAK 19/16 – STATUSOVERSIKT PR. SEPTEMBER 2016

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. september 2016 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 01.09.16:

Rekneskapsrapport pr. 01.09.16 blei ikkje lagd fram då rekneskapsystemet i sommar ved ein feil var lagd bak brannmur. Dagleg leiar orienterte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planer. Styret hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak 01.09.16:

Statusoversikt pr. september 2016 blir tatt til orientering.

**SAK 20/16 – ENDRING AV FINANSIERINGSMODELL VED TIDLEG-
PENSJON**

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS gjer dagleg leiar fullmakt til å seie opp avtalen med KLP om sjølvrisiko innan 01.11.16 med verknad frå 01.01.17, for så melde selskapet inn med 100 % utjamning for pensjon frå 62 til 65 år.

Styrehandsaming 01.09.16:

Dagleg leiar orienterte om bakgrunn for saka. Styret slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak 01.09.16:

Styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS gjer dagleg leiar fullmakt til å seie opp avtalen med KLP om sjølvrisiko innan 01.11.16 med verknad frå 01.01.17, for så melde selskapet inn med 100 % utjamning for pensjon frå 62 til 65 år.

SAK 20/16 – FØREBUINGAR TIL LØNNSFORHANDLINGAR 2016

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret gjer styreleiar (og nestleiar) fullmakt til å forhandle om ny løn til dei tilsette gjeldande frå 01.05.16 i eige forhandlingsmøte (innan ei fastsett ramme).

Forhandlingane tar til straks etter mekling er avslutta 3. november og dato vert tilpassa arbeidstakarane sin forhandlar.

Styrehandsaming 01.09.16:

Dagleg leiar gjekk frå møtet under handsaming av saka. Styret drøfta saka.

Samrøystes vedtak 01.09.16:

Styret gjer styreleiar fullmakt til å forhandle om ny løn til dei tilsette gjeldande frå 01.05.16 i eige forhandlingsmøte innan ei fastsett ramme.

Forhandlingane tar til straks etter mekling er avslutta 3. november og dato vert tilpassa arbeidstakarane sin forhandlar.

EVENTUELT

Ingen saker ble meldt.

Neste møte

Styret blei samd i å flytte neste styremøte til **tysdag 6. desember**, då leiar og nestleiar var opptekne den 13.12. Møtestad blir Haugesund rådhus. Etter møtet vert det invitert til middag med dei tilsette og pensjonert dagleg leiar.

Styreleiar gjorde merksam på at ho ikkje ville kunne møte i representantskapsmøtet i siste veka i april 2017. Nestleiar vil då stille.

Aksdal, 1. september 2016

Astri Furumo (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar